


**UNDRANDE OG
SKAPANDE**

**RASMUS LØLAND
MARKERING**

2007 • 2011



Pressesamling

Lølandsmarkeringa 2007–2011 skal fremja undring og skaparkraft.

Undrande og skapande er visjonen for ei markering av mennesket, forfattaren, journalisten og samfunnsbyggjaren Ramus Løland (1861 – 1907).

Forfattaren Einar Økland skriv slik om Løland:

”Rasmus Løland kunne eg ikkje fordra då eg var barn. I dag ser eg på han som den fremste. Han kjem eg nok til å beundre så lenge eg skriv.”

Målet med markeringa er å fremja og skapa merksemd kring arbeidet til Løland og bruka det til å skapa ny kunnskap og større engasjement for norsk kultur og litteratur for barn og ungdom.

Gjennom barnehage og skule skal markeringa skapa haldningar for norsk kunst og kultur for barn og unge, stimulera barn og unge si interesse for å lesa og skriva, og nytta barna sin fantasi og skaparkraft for å få fram nye kunst- og kulturuttrykk for den same målgruppa.

I 2007 skal prosjektet så med sikte på hausta resultat fram til 2011, då det er 150 år sidan Løland vart fødd. Etterbruken av markeringa blir å etablera sterke Lølandsmiljø i Asker og Suldal som kan fremja norsk barnekultur.

HOVUDMARKERINGANE I 2007

- I Suldal i perioden 19.05. – 27.05
- I Ørsta/Volda under dei nynorske festspela 21.06 – 24.06
- I Asker i perioden 6. – 14.10

NEMNDA SOM STÅR BAK FORPROSJEKTET ER

Komitéleiar Else Marie Stuenæs, Akershus fylkeskommune
Ordførar Morten Gunnar Strand, Asker kommune
Forlagssjef Margit Walsø, Det Norske Samlaget
Direktør Ottar Grepstad, Nynorsk kultursentrum
Fylkesordførar Roald Bergsaker, Rogaland Fylkeskommune
Ordførar Hans Sæter, Suldal kommune

Ei stifting som får eit budsjett på om lag 10 millionar kroner er under etablering.

Stilling som dagleg leiar er lyst ut og ei tilsetting skal vera på plass innan mai.

Einar Schibevaag i selskapet Norsk Plan as har ført forprosjektet i pennen.

Me viser elles til nettstaden som er under etablering: www.nashornet.no

Fakta om Løland

Rasmus Løland vert fødd på garden Løland i Vanvik i Sand sokn i Ryfylke 24. mai 1861 som nummer fem av sju sysken.

Han kjem frå ein opplyst heim og får ta til på amtskulen på Sand som 16-åring. Han vert på denne tida ramma av hjarte- og nervesjukdom som fylgjer han heile livet.

Han seier sjølv : ”Med denne sjukdomen kom den store vendinga i livet mitt. Han snudde opp ned på heile mitt tilvære.” Like fullt er han med og startar Sands Venstre-forening og Sand Ungdomslag og Rogaland Ungdomslag i 1890-åra.

Løland viser tidleg interesse og talent for skriving, og som 19-åring leverer han fyrste bidraget sitt til Fedraheimen. Han debuterer med boka Folkeliv i 1891, og skreiv til saman mest 30 bøker.

I 1896/97 flyttar Løland til Kristiania og buset seg der. I 1898 vert han medlem av forfattarforeninga og året etter får han statsstipend og dreg nedover i Europa.

I 1902 vert han redaktør for Norsk Barneblad og året etter tek han til som styremedlem i Det Norske Samlaget. Han er og mellom dei som brenn for å få etablert eit teater med landsmålet som scenespråk.

Same året kjøper han ”eit hus og eit stykke jord på Laabraaten ved Hvalstad” – i hagen til Arne og Hulda Garborg, og blir eit viktig innslag i kunstnarmiljøet i lokalsamfunnet.

Etterkvart får sjukdomen han har slite med heile livet sterkare tak, og han døyr 12. oktober 1907, 46 år gamal, av tuberkolose. Han blir gravlagt på Asker gravlund.



Fagleg om Løland

Rasmus Løland bar med seg ei skapande undring.

Det har han felles med andre kunstnarar, men måten han gjorde det på, utløyser framleis både respekt og beundring. Hundre år etter at han levde, er det framleis å knyta denne skapande undringa til to område som krev særleg merksemd: Barns vilkår og vidare utvikling av den nynorske skriftkulturen.

Rasmus Løland kom frå eit miljø som meistra skriftkulturen. I det låg stor opning for å skapa noko som tok med seg etablert kunnskap og peikte i retning av ny innsikt. Han var ein av desse som gjennom eigne skrifter var med og endra den sosiale kvardagen både i Ryfylke og andre stader.

Ved at Rasmus Løland dikta og skreiv på landsmål, som i hans tid var eit mindre brukt språk enn det er no, var han ein aktiv deltakar i den språklege og dermed politiske demokratiseringa av Noreg. I dette ligg at han var med og skapte noko som ikkje fanst frå før. Han representerer også ei bru mellom aust og vest i Noreg, og inn- anfor den språkdelte norske kulturen.

Rasmus Løland var med og gav barnet den eigenverdien som i dag gjerne blir teken for gitt, men som heile tida må fornyast. Barns evne til å undrast og til å skape kjem framtida til gode.

Rasmus Løland gav både barn og vaksne lesestoff på deira eige språk. No trengst det målretta tiltak for å utvikla meir lesestoff på nynorsk, særleg for barn. Slike tiltak kan vera med og rekruttera fleire kvinner til norsk litteratur generelt og nynorsk litteratur spesielt. I alt dette ligg ei undring over dei rådande forholda i norsk skriftkultur som kan vera med og gi meir innsikt om fortida og ei anna tru på framtida.



10 mål for markeringa

1. Involvera minst 50 000 skuleelevar i ulike prosjekt kring Rasmus Løland i 2007, og minst 100 000 skuleelevar i 2011.
2. 2000 vaksne i barnehage, skule, kulturskule og bibliotek skal gi fleire barn og unge informasjon om Rasmus Løland og arbeidet hans. Dette skal gi dei unge grunnlag for å skapa nye kunst- og kulturuttrykk.
3. Ha minst 25 000 gjester på ulike arrangement i 2007 og minst 50 000 i 2011.
4. Alle barnehagar i landet får tilbod om å vera med i formidlingsprosjekt som bygger på trua på lokale verdiar og å skapa utifrå desse.
5. Gjennomføra lesestafettar mellom 50 skular. Dette kan opna for større interesse for lesing og skriving mellom dei unge, særleg gutar.
6. Utvikla Løland-miljøa i Asker og Suldal slik at dei kan bli ei viktig inspirasjonskjelde for utvikling av det beste i norsk barnekultur.
7. Gjennomføra eit femårig dramaprosjekt i samarbeid med Den kulturelle skulesekken som tek utgangspunkt i Rasmus Løland si fantasiverd.
8. Invitera minst 1000 unge til årlege skrivkurs i tida 2007-2011.
9. Få fram inntil ti forfattarar som debuterer med barneeller ungdomsbøker på nynorsk innan utgangen av 2011.
10. Stimulera til dokumentasjon og forskning som gir ny innsikt i barns vilkår og situasjonen for nynorsk skriftkultur.

